



Valdansvarlege

Administrativt vedtak

Saksnr.	Utval
014/26	Formannskapet

Vår ref.
26/14-16

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi

Direktenr

Arkiv

Dato:
13.06.2026

Tildeling av fellingsløyve for hjort, elg og rådyr - Lærdal 2026

Kort samandrag:

Ny bestandsplan for hjort i perioden 2026-28 vart godkjend av Lærdal kommune 11. juni og ligg til grunn for tildelingane av fellingsløyve. Det vert delt ut totalt 698 fellingsløyve for hjort, 63 fellingsløyve for elg og 1 fellingsløyve for rådyr. Det er i tillegg fri kvote på hjortekalv for dei valda som er medlem i bestandsplan-samarbeidet.

Vedtak:

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 18 tildeler Lærdal kommune følgjande fellingsløyve i 2026:

- 698 fellingsløyve på hjort
- 1 fellingsløyve på rådyr
- 63 fellingsløyve på elg

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §16 tillèt Lærdal kommune at valda som er medlem i Lærdal bestandsplanområde for hjort, kan flytta inntil 20% av fellingsløyva (minimum 1 løyve) mellom åra i bestandsplanen. Det er fri kvote på hjortekalv for alle grunneigarar i valda som er medlem i Lærdal bestandsplanområde i jaktåret 2026/27.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Saksutgreiing/vurdering

Omsyn til smitteførebygging for skrantesjuka er framleis premissleverandør for forvaltninga av hjort og elg i Nordfjella-regionen. Høgt uttak, omfattande prøvetaking og låge bestandar er ønskja av sentrale styresmakter for å avgrensa, og om mogleg, utrydda skrantesjuka frå Noreg. Oppdaterte signal om dette er sendt til kommunane kring Nordfjella og Hardangervidda frå Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Mattilsynet våren 2026.

Jakttida er på hjort og elg er utvida for å leggja til rette for høgt uttak. Fri kvote på hjortekalv til valda som har bestandsplan er også tildelt Lærdal som eit stimulerande verkemiddel.

I all hovudsak ligg vurderingane for løyvetildeling på hjort i bestandsplanperioden 2026-28 i saka om godkjenning av bestandsplanen (FS 056/26). For elg held Lærdal kommune fram med halvering av det forskriftfesta minstearealet for jaktåret 2026/27, frå 8000 daa pr løyve til 4000 daa, jamfør Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7. Dette for å stimulera til høg felling av elg av omsyn til skrantesjukeproblematikken.

Om lag 89% av arealet i Lærdal er medlem i Lærdal bestandsplanområde for hjort. Desse valda får fellingsløyva sine som frie løyve frå Lærdal kommune. Løyva skal nyttast i tråd med godkjend bestandsplan. Dette utgjer 620 løyve i 2026/27. Dei valda som ikkje er medlem i bestandsplanområdet for hjort (11%), får løyva sine spesifisert på kjønn og alder («retta tildeling»). Dette utgjer 78 fellingsløyve på hjort. Alle fellingsløyva for elg er tildelt spesifisert på kjønn og alder. Det er eit vald som er godkjend for rådyrjakt i Lærdal, og dette får 1 løyve i 2026/27. Sjå vedlegg for oversikt over tildelingane for dei ulike artane.

Oversikt over relevant info for jakta 2026/27 vert sendt ut til alle valda i Lærdal kommune saman med fellingsløyva (vedlagt). Dette vert sendt til valdansvarleg representant via Hjorteviltregisteret.

Kommunedirektøren tilrår følgjande løyvetildeling i 2026:

- 698 fellingsløyve på hjort
- 1 fellingsløyve på rådyr
- 63 fellingsløyve på elg

Etter gjeldande delegasjonsreglement og avtale om felles landbrukskontor, vurderer kommunedirektøren at saka kan handsamast administrativt. Det er gjeve mynde til kommunedirektøren å handsama kurante saker i avtale om felles landbrukskontor.

Klagerett

Vedtaket kan etter forvaltningslova §28 påklagast. Klagefristen er 3 veker frå de er gjort kjend med vedtaket.

Ev klage sendast til:
post@laerdal.kommune.no

Lærdal kommune
Øyraplassen 7
6887 Lærdal

Med helsing

Knut Fredrik Øi
sakshandsamar

Magnhild Aspevik
landbrukssjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.06.2026	Informasjon om hjort-, elg- og rådyrjakta i Lærdal 2026	268003
13.06.2026	Løyvetildeling Lærdal hjort - vald med bestandsplan 2026	268004
13.06.2026	Løyvetildeling Lærdal elgvald 2026	268007
13.06.2026	Løyvetildeling Lærdal rådyrvald 2026	268008
13.06.2026	Løyvetildeling Lærdal hjort - vald utan bestandsplan 2026	268005